



VEDTEKTER FOR VOSSABADET OG VOSS IDRETTSHALL KF

Vedtekne i Voss heradsstyre sak 20/08280-1 dato 17.12.2020
Endra namn i samsvar med vedtak i Voss heradsstyre sak 19/00047 dato 02.09.2021
Endra tekst i §9, avsnitt 5 med vedtak i Voss heradstyre sak 57/22, ref. 19800047-35 dato 10.06.2022

§ 1 NAMN, SELSKAPSFORM

Føretaket sitt namn er Vossabadet og Voss idrettshall KF.

Føretaket er eit kommunalt føretak oppretta av Voss kommunestyre, sak 10/17, i medhald av lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.09.1992.

§ 2 LOKALISERING

Føretaket har sitt forretningskontor i Voss herad.

§ 3 FØREMÅL

Føretaket skal organisera og styra drifta i Voss idrettshall og Vossabadet, og forvalta bygg og anlegg på ein berekraftig måte. Føretaket skal jobba for mest mogleg aktivitet i hallane, ha ein klar miljøprofil og vera nyskapande. Føretaket skal bidra til at Voss herad når mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel og handlingsplan/økonomiplan.

Føretaket skal bidra til at Voss er eit sterkt regionsenter ved å tilby aktivitetstilbod som er attraktive, nyskapande og inkluderande.

Føretaket skal gjennom høge besøkstal, bidra til betre folkehelse hos innbyggjarane og tilreisande. Dette vil vera med å påverka å nå berekraftmålet om «God helse».

Andre delmål:

- sikra at aktivitetane vert gjennomført på ein trygg måte
- jobba for at fasilitetane er tilgjengeleg for alle
- mest mogleg effektiv og rasjonell drift, der overskot skal setjast av til framtidig vedlikehald
- ivareta standard på bygg og utstyr over tid

§ 4 RETTSLEG STATUS

Vossabadet og Voss idrettshall KF er ikkje eit eige rettssubjekt. Verksemda er eigd av Voss herad som heftar for føretaket. Føretaket skal registrerast i Føretaksregisteret.

Vossabadet og Voss idrettshall KF skal fylgja Voss herad sin eigarskapspolitikk og forhalda seg til utarbeida eigarstrategi for føretaket.



§5 STYRANDE ORGAN

Føretaket sine styrande organ er styret og dagleg leiar. Voss heradsstyre er overordna føretaket sine organ og skal vedta budsjett, økonomiplan, årsrapport og godkjenne rekneskap for føretaket.

§ 6 OPPLØYSING AV FØRETAKET

Voss heradsstyre kan på eit kvart tidspunkt vedta oppløysing av føretaket. Føretaket sine samla pliktar og verdier vert då overført til Voss herad.

§ 7 STYRET SI SAMANSETJING

Føretaket skal ha eit styre på 5 medleamar med 5 varamedleamar. Alle 5 medleamar, 5 varamedleamar, samt styreleiar m/vara vert valde av heradsstyret. Dette gjeld ikkje styremedleamar som dei tilsette skal velja etter Kommuneleva § 9-6. Eit fleirtal av dei tilsette kan krevje at inntil 1/5 av styret sine medlemmer med varamedleamar skal veljast av og blant dei tilsette.

Valperioden for dei faste styremedlemane er fire år, og følger den kommunale valperioden. Valperioden for leiar, nestleiar og varamedleamar er to år. Vara til styret vert vald i rekkje. Styremedleamar fungerer inntil nytt medlem er vald. Ved fyrste gongs val vert likevel to av dei faste styremedlemene valde for to år. Maksimal valperiode er fire år. Dette fylgjer av Kommuneleva § 9-7.

Voss idrottsråd har høve til å koma med framlegg på kandidatar.

§ 8 STYRET SINE MØTER

Styreleiar kallar inn til styremøte med rimeleg varsel. Innkallinga med saksliste skal og sendast til ordførar og rådmann. Ved ekstraordinære høve kan styret innkallast på kort varsel. Dersom ikkje styret fastset anna, har dagleg leiar møte- og uttalerett på styremøta.

Ordførar, rådmann (personleg eller ved ein av sine underordna), har møte- og talerett.

Styremøta er opne med mindre ein handsamar saker som er underlagt lovbestemt tieplikt, saker som av personvernomsyn er unnateke offentlegheit eller saker som er av tungtvegande forretningsmessig karakter.

Styremøta vert leia av styreleiar. Ved frávær, vert møtet leia av nestleiar. Dersom ingen av desse er til stades, vel styret møteleiar. Styret fattar vedtak med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap tel møteleiar si stemma dobbelt. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades, inklusiv møtande vararepresentantar.

Offentleglova og Forvaltningslova gjeld for føretaket. Sistnemnde gjeld med dei unntak som føl av habilitetsreglane i Kommuneleva. Kommuneleva sine reglar om habilitet skal følgjast ved handsaming av saker i styret..

Det skal førast protokoll frå styremøta og protokollen skal leggjast fram for godkjenning i neste styremøte. Protokollen skal underskrivast av alle styremedlemmer som er tilstades. Styremedlem



eller dagleg leiar som ikkje er samd i styret sitt vedtak, kan krevja å få si meining ført i protokollen. Sakliste og protokoll frå styremøta skal sendast ordførar og rådmann. Styret kan, dersom det er fulltalig, fatta vedtak i sak som ikkje er oppført på saklista. Vedtak om å ta opp ei slik sak til handsaming, må vere samrøystes.

§ 9 STYRET SINE OPPGÅVER

Styret sine overordna oppgåver er å realisera føremålet for føretaket. Styret skal vidare setja sine eigne mål, laga planar og strategiar samt utøva styring gjennom heile driftsåret. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med vedtekter, økonomiplan, årsbudsjett og andre vedtak eller retningslinjer fastsett av heradsstyret.

Styret fastset opningstider og prisar, inkl. rabattordningar og har det overordna ansvar for innhald og funksjonar i Vossabadet og Voss idrettshall. Styret disponerer bygg og uteområde og er ansvarleg for tilhøyrande funksjonar som drift, vedlikehald, reinhald og vaktmeister tenester, samt tryggleik for tilsette og brukarar.

Styret har ansvar overfor offentlege kontrollstyresmakter. Styret tilset dagleg leiar og kan delegere mynde til dagleg leiar.

Verksemda pliktar å fylgje den til ei kvar tid gjeldande arbeidsgjevarepolitikk hjå Voss herad. Tingingar og drøftingar i samsvar med Hovudtariffavtalen, vert gjennomførte av Voss herad i samsvar med delegasjonsreglement og etter innspel frå styret.

Styret skal årleg utarbeida framlegg til budsjett og fireårig økonomiplan, og levera dette innan fristar fastsett av kommuneadministrasjonen. Heradsstyret vedtek årsbudsjett og økonomiplan. Framlegg til investeringstiltak og låneopptak skal innarbeidast som ein del av styret sitt budsjettframlegg. Styret skal årleg ferdigstillast årsmelding innan 31.mars, og sikra ferdigstilling av årsrekneskap innan 22.februar.

Heradsstyret vedtek årsrapport og rekneskap. Styret skal syta for at saker som skal handsamast i heradsstyret er tilstrekkeleg førebudde.

Styret har fullmakt til å gjennomføra investeringsprosjekt, kjøp og sal av produkt/tenester og låneopptak innanfor rammer godkjende av heradsstyret. Heradet sine reglar for innkjøp og finansforvaltning, her under bruk av heradet sine innkjøps- og bankavtalar, skal nyttast.

§ 10 DAGLEG LEIAR SINE OPPGÅVER

Dagleg leiar representerer verksemda utad i samsvar med kommunelova §§ 9-12, 13,14 og dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av føretaket og at denne vert utført i samsvar med vedtektene, vedtak og eventuelle pålegg ref. § 9-12 i Lov om kommunar og fylkeskommunar. Dagleg leiar er styret sin sekretær og ansvarleg for sakshandsaming overfor styret. Dagleg leiar fører protokoll frå styremøta.

§ 11 TILHØVET TIL RÅDMANNEN

Rådmannen har ikkje instruksjons- eller omgjeringssmynde overfor føretaket sin dagleg leiar eller styret sitt myndeområde. Rådmannen kan likevel instruera føretaket si leiing om at iverksetting av ei sak skal utsetjast til heradsstyret har handsama saka, jamfør KommuneLova § 9-16.



Før styret treffer vedtak i sak som seinare skal handsamast av heradsstyret, skal rådmannen få høve til å uttala seg om saka før styret fattar sitt vedtak. Rådmannen sin uttale skal leggjast fram for styret ved handsaming av saka.

§ 12 REPRESENTASJON

Styret representerer elles verksemda utad, inngår avtalar på heradet sine vegne innanfor verksemda sitt føremål. Verksemda pliktar ved underteikning av både styreleiar og dagleg leiar. Styret kan delegera representasjonsretten til dagleg leiar.

§ 13 GODTGJERSLE

Styregodtgjersle vert fastsett av heradsstyret kvart år i samband med årleg budsjetthandsaming.

§ 14 ØKONOMI

Verksemda skal ha økonomiforvaltning i samsvar med forskrifter som gjeld for kommunale føretak. Føretaket skal betala vederlag for tenester frå Voss herad. Rekneskap skal førast i KOSTRA etter kommunelova.

§ 15 REVISJON

Kommunerevisjonen har ansvaret for revisjon av føretaket sine rekneskap

§ 16 IKRAFTSETJING

Vedtektene trer i kraft frå 1. juli 2021



VEDLEGG

Relevante berekraftsmål (FN) frå kommuneplanen sin samfunnsdel:

- Mål 3: God helse
 - Sikra god helse og fremja livskvalitet for alle, uansett alder
- Mål 4: God utdanning
 - Sikra ei god utdanning og fremja livslang læring for alle.
 - 4.a) Etablere og oppgradera utdanningstilbod som er barnevenlege, og som tek omsyn til kjønnskilnader og til personar med nedsett funksjonsevne og sikrar trygge, ikkje-valdelege, inkluderande og effektive læringsmiljø for alle
- Mål 11: Berekraftige byar og lokalsamfunn
 - 11.7) Innan 2030 sørge for at alle, særleg kvinner og barn, eldre og personar med nedsett funksjonsevne, har tilgang til trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom
- Mål 12: Ansvarleg forbruk og produksjon
 - 12.5) Innan 2030 redusere avfallsmengda vesentleg gjennom førebygging, reduksjon, attvinning av materiale og ombruk
 - 12.7) Fremja berekraftige ordningar for offentlege innkjøp, i samsvar med politikk og prioriteringar i dei enkelte landa
- Mål 13: Stoppa klimaendringane
 - 13.3) Styrkje evna enkeltpersonar og institusjonar har til å redusere klimagassutslepp, tilpasse seg til og redusere konsekvensane av klimaendringar og varsle tidleg, og dessutan styrkje utdanninga og bevisstgjeringa om dette
- Mål 17: Samarbeid for å nå måla
 - 17.17) Me skal stimulera til, og fremja velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og private, og i sivilsamfunnet

